

Gresk hovud, norsk hovudbry


SPRÅKSPALTEN

OLE VÅGE

E-post: ole.vage@sprakradet.no

Ole Kristian Våge er ph.d., seniorrådgjevar i Språkrådet og medlem av Gruppe for norsk medisinsk fagspråk.

Fleire ulike skrivemåtar av låneordet for akutt hjernebetennelse er i bruk: *encefalitt*, *encephalitt*, *encephalitis* og *encefalitt*. Kva er rett?



Illustrasjon: Grafissimo/iStock

Spørsmålet råkar ei rekke termar med det greske ordet for *hovud* som grunnord. Skal ein skrive *hydrocefali* eller *hydrocephali* for vasshovud? Eller skal tilstanden med lite hovud skrivast *mikrocefali*, *mikrocefalet*, *mikrocephali*, *mikrocephalus* eller *mikrocefalus*? Variasjonen er til hinder for ein einskapleg og presis terminologi i helsesektoren, men reiser samstundes òg viktige spørsmål om korleis skrivemåtar av låneord kan fastsetjast.

For å klarlegge skrivemåten av *encefalitt* og dei andre variantane (tabell 1) vil det vere føremålstenleg å leggje til grunn ei «smørbrødliste» av nokre språklege vurderingsmoment: etymologi og tradisjon, oppslag i ordbøker, leksikon og kodeverk, bruk, systematikk og uttale.

Etymologi og tradisjon

Encefalitt er ei ordsamansetjing som byggjer på det gamalgreske ordet *enkéfalos* og suffikset -*itt*. Ordet er samansett av *en* ('i') og *kefal-* ('hovud') i tydinga 'hjerne' og greske *-itis*, opphavleg ei feminin adjektivending, seinare brukt som nemning for sjukdomar (1). Latin har lånt ordet frå gresk, men med ei lydendring slik at *enkéfalos* blei til *cephalo-*.

I norsk har det i periodar vore ein tendens å leggje seg nokså nær den greske, originale skrivemåten i låneord (2). Her skil norsk seg tydeleg frå engelsk, som ofte gjengjев greske ord med ei latinisert form, jf. *kybernetikk* på norsk og *cybernetics* på engelsk (av gresk *kubernētēs*).

Om ein legg eit slikt prinsipp til grunn for fastsetjing av skrivemåte, vil ein få *enkefalitt*.

Ordbøker, leksikon og kodeverk

Ordbøker er ei viktig kjelde for å fastslå skrivemåten av ord, særleg standardordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (3). Ingen av dei har oppføringar av denne termen, men *Nynorskordboka* har relevante oppslag som *elektroencefalografi* og *elektroencefalogram*.

Den autoritative *Tanums rettskrivningsordbok* har oppføringa *encefalitt* (4). Det gjeld også ei rekke fagordbøker, Store medisinske leksikon, kodeverket ICD-10, emneordlista MeSH og Tidsskriftets ordliste (5–10).

Om ein legg ordbøkene og kodeverk til grunn, er det mykje som talar for skrivemåten *encefalitt*.

Språkbruk (usus)

Kva skriveform er i faktisk bruk? Det såkalla ususprinsippet bygger på kva som dominerer i skrivne tekster som oppfyller visse kvalitetskriterium. Det veg tungt når ein skal vurdere ulike kandidatar, men kan vere vanskeleg å kartleggje. For medisinske fagtermar kan det vere føremålstenleg å ta utgangspunkt i bruken i dei digitaliserte bøkene hos Nasjonalbiblioteket, på nettsidene til Tidsskriftet, Folkehelseinstituttet, Helsebiblioteket, Norsk helseinformatikk (nhi.no) og i norske papiraviser i basen til mediarkivet Retriever (11–16) (tabell 1).

Tabell 1

Bruksfrekvens av *encefalitt* og relaterte skrivemåtar. *Svært høgt innslag av tekstar på andre språk eller bruk av engelsk term

	Nasjonalbiblioteket	Tidsskriftet	Folkehelseinstituttet	Helsebiblioteket.no	nhi.no	Aviser (Retriever)
encefalitt	1 095	136	82	1 063	277	231
encephalitt	279	0	1	5	9	15
encephalitis	954*	12*	16*	212*	3*	115*
ensefalitt	0	0	0	0	0	0
enkefalitt	28	0	0	0	0	2
enkephalitt	0	0	0	0	0	0
enkephalitis	0	0	0	0	0	0

Gjennomgangen syner at *encefalitt* skil seg ut klårt som den mest etablerte skrivemåten, ikkje berre i faglege kjelder, men òg i avisartiklar som rettar seg mot eit allment publikum. *Encephalitt* er noko i bruk, medan *enkefalitt* – noko overraskande – i liten grad blir nytta. Bruken av skrivemåten *encephalitis* er vanskeleg å vurdere pga. mykje støy i kjeldene, og ein bør ikkje leggje tala i tabellen til grunn. Denne skrivemåten er først og fremst nytta i engelskspråklege tekstar og bøker i tillegg til norske tekstar med den engelske terminen *tick-borne encephalitis* (TBE).

Om ein legg faktisk språkbruk til grunn, er det også mykje som talar for skrivemåten

encefalitt.

Systematikk

Skrivemåten av eit lâneord bør i så stor grad som mogleg inngå i eit etablert mønster. Det er difor ein føremon å lene seg på andre fagtermar – særleg normerte – som byggjer på det greske lâneordet for hovud, når ein vurderer skrivemåten av *encefalitt*.

Om ein legg autoritative ordbøker til grunn, er det likevel ikkje lett å finne eit gjennomført mønster (sjå tabell 2). Ved bruken av forleddet *en-*, ser det ut som om skrivemåten blir *cefali*, jf. *encefali*, *elektroencefalografi*, *encefalopati*, men det er ikkje gjennomført (*enkefalin*). Andre føreledd som t.d. *braky-*, *doliko-*, *mikro-*, *makro-* og *hydro-* ser ut til å gje skrivemåten *kefali*, men heller ikkje her er det heilt gjennomført (*hydrocefalus*, *anencefali*). Det er likevel verdt å merke seg at skrivemåten *kefali* står nokså sterkt blant ein del relaterte lâneord.

Tabell 2

Skrivemåte av relaterte termar til *encefalitt* i eit utval ordbøker og leksikon. Bruken av skråstrek indikerer likestilte former i oppslaget, bruken av parentes indikerer underordna form.

Bokmålsordboka/ Nynorskordboka	Tanums store rettskrivningsordbok	Medisinsk ordbok	Norsk medisinsk ordbok	Store medisinske leksikon
brakykefal	brakykefal	-	-	brakykefal
dolikokefal	dolikokefal	-	-	-
elektroencefalografi	elektroencefalografi		elektroencefalografi	elektroencefalografi
myalgisk encefalopati	encefalopati	encefalopati	encefalopati	encefalopati
	encefalon	encefalon (encephalon)	encephalon	-
-	mikrokefali	mikrokefali/mikrocefali	mikrokefali (mikrocefali)	mikrokefali
-	makrokefali	-	makrokefali (macrocephalia, makrocefali)	-
-	hydrokefali	-	hydrocefalus (hydrokefali)	hydrocephalus
-	akefali	-	acephali (akefali)	akefal
-	trochokefali	-	-	-
-	-	akrokefali	akrokefali	akrokefali
-	-	oksykefali	-	oksykefali
-	-	anencefali	anencefalus	anencefali
-	-	porencefali	porencefali	-
-	-	enkefaliner	enkefalin	enkefaliner

Om ein legg systematikk til grunn, kan paradoksalt nok både skrivemåten *encefalitt* og *enkefalin* vere aktuelle.

Uttale

Det ortofone prinsippet om at skriftform skal spegle uttale, er viktig ved ei vurdering av skrivemåte av lâneord. Om fagmiljøa uttalar *encefalitt* med s-lyd eller k-lyd i grunnordet, kan vere vanskeleg å kartleggje. I ein tidligare språkspalteartikkel i Tidsskriftet frå 1995 blir det påpeikt at s-uttalen i *encefalitt*, *encefalon* og *encefalografi* er innarbeidd i fagmiljøet (17). Det er også i tråd med uttaleoppføringa i *Tanums store rettskrivningsordbok* og *Norsk uttaleordbok* (18).

Med omsyn til bokstavkombinasjonane *ph* i *encephalitt*, vil ei tilpassing til uttale gje *f*, altså *encefalitt*. I tillegg ville det ortofone prinsippet tilseie at ein *c* som blir uttalt som *s*, bør skrivast med bokstaven *s* i norsk, noko som ville gje *ensefalitt*. Det er likevel ingen sterkt tradisjon for at lâneord med *c* blir til *s* i fagspråket, i motsetnad til tilfelle der *c*-bokstaven blir uttalt som *k*-lyd, jf. *kardial* og *katarr*.

Om ein legg uttale til grunn, er det også mykje som talar for skrivemåtane *encefalitt* og

ensefalitt.

Oppsummering

Kva for ein skrivemåte av lâneord som er rett, vil vere avhengig av kva språklege moment ein legg vekt på. Etablert bruk, oppslag i ordbøker og andre autoritative kjelder talar for skrivemåten *encefalitt* framfor *ensefalitt, encephalitt, encephalitis* og *enkefalitt*, medan uttaleprinsippet talar for både *encefalitt* og *ensefalitt*. Men dersom ein legg størst vekt på systematikk, er biletet litt meir innfløkt. Nærleggende, normerte lâneord som *elektroencefalografi* og *encefalopati* står konklusjonen om at ein bør skrive *encefalitt*. Men dersom ein ser på fleire nærskyldne fagtermar som t.d. *makrokefali* og *mikrokefali* eller legg vekt på tradisjonen med skrivemåte i samsvar med opphavleg gresk form, kunne utfallet ha vore annleis. Ei samla vurdering av alle momenta ovanfor vil likevel tale for skrivemåten *encefalitt*.

Vaklinga mellom ulike skrivemåtar kan rett og slett skuldast at ulike personar eller fagmiljø har veklagt – implisitt eller eksplisitt – ulike vurderingsmoment til ulike tider. Val av skrivemåte av nye lâneord skjer ofte spontant og med manglende omsyn til systematikk. Lâneord med det greske ordet for *hovud* som grunnord syner korleis resultatet kan bli ein språkleg spagat.

Truleg er det umogleg å unngå slike situasjoner heilt, men ei medviten vurdering av lâneord basert på ei «smørbrødliste» av moment vil vere til hjelp for fagfolk.

LITTERATUR:

1. Encefalitis. I: Den Danske Ordbog. <https://ordnet.dk/ddo/ordbog?queryencefalitis> Lesen 24.1.2020.
 2. Språkrådet. Aktuelt ord: zikavirus og mikrokefali.
<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt-ord/zikavirus-og-mikrokefali/> Lesen 28.1.2020.
 3. Bokmålsordboka og Nynorskordboka <https://ordbok.uib.no/> Lesen 24.1.2020.
 4. Tanums store rettskrivningsordbok. 10. utg. Oslo: Kunnskapsforlaget, 2015.
 5. Nylenne M. Medisinsk ordbok. 8. utg. Oslo: Kunnskapsforlaget, 2017.
 6. Øyri A. Norsk medisinsk ordbok. 9. utg. Oslo: Samlaget, 2011.
 7. Store medisinske leksikon. <https://sml.snl.no> Lesen 3.2.2020.
 8. ICD-10. <https://finnkode.ehelse.no/#icd10/o/o/o/-1> Lesen 3.2.2020.
 9. MeSH. <http://mesh.uia.no/> Lesen 3.2.2020.
 10. Tidsskrift for Den norske legeforening. Ordliste. <https://tidsskriftet.no/annet/ordliste> Lesen 3.2.2020.
 11. Nasjonalbiblioteket <https://www.nb.no/> Lesen 24.1.2020.
 12. Tidsskrift for Den norske legeforening. <https://tidsskriftet.no/> Lesen 3.2.2020.
 13. Folkehelseinstituttet. <https://www.fhi.no/> Lesen 3.2.2020.
 14. Helsebiblioteket. <https://www.helsebiblioteket.no/> Lesen 3.2.2020.
 15. Norsk Helseinformatikk. <https://www.nhi.no/> Lesen 3.2.2020.
 16. Mediarkivet Retriever. Atekst. <http://web.retriever-info.com/services/archive.html> Lesen 10.2.2020.
 17. Stavem P, Brosstad F, Solberg CO. Skal cephalosporin, cephalgia og cephalexin uttales med k- eller s-lyd? Tidsskr Nor Lægeforen 1995; 115: 1274.
 18. Berulfsen B. Norsk uttaleordbok. Oslo: Aschehoug, 1969.
-

